

| Tenesteområd                                   | Oppr.budsj.    | Reg.budsj.     | Rekneskap      | Avvik<br>Regulert budsj.<br>- reservepost<br>-rekneskap |
|--|----------------|----------------|----------------|---|
| Form.sk/K-styre                                | 1.867          | 1.867          | 970            | 897   |
| Herav reservepost                              | (117)          | (117)          |                |   |
| Levekår  | 168            | 168            | 5              | 163   |
| Herav reservepost                              | (17)           | (17)           |                |   |
| LMT  | 203            | 203            | 63             | 140   |
| -reservepost                                   | (17)           | (17)           |                |   |
| Rådmannen                                      | 19.985         | 19.985         | 16.357         | 3.628   |
| Herav avs. lønsauke                            | (3.901)        | (3.901)        |                |   |
| NAV  | 2.244          | 2.244          | 2.660          | -416  |
| <b>Oppvekst</b>                                | <b>37.268</b>  | <b>37.268</b>  | <b>40.167</b>  | <b>-2.899</b>   |
| <b>Helse</b>                                   | <b>20.991</b>  | <b>20.991</b>  | <b>22.551</b>  | <b>-1.560</b>   |
| <b>Heimetenester</b>                           | <b>22.844</b>  | <b>22.844</b>  | <b>21.951</b>  | <b>893</b>  |
| <b>Bygdeutvikling</b>                          | <b>2.990</b>   | <b>2.990</b>   | <b>2.095</b>   | <b>895</b>  |
| <b>Kultur</b>                                  | <b>5.441</b>   | <b>5.441</b>   | <b>4.514</b>   | <b>927</b>  |
| <b>Kommunale bygg</b>                          | <b>10.620</b>  | <b>10.620</b>  | <b>11.674</b>  | <b>-1.054</b>   |
| <b>SAMLÅ SUM</b>                               | <b>124.621</b> | <b>124.621</b> | <b>123.007</b> | <b>1.614</b>  |
| <b>SAMLÅ SUM UTAN<br/>RESERVEPOST/LØNSRES.</b> | <b>120.569</b> | <b>120.569</b> |                | <b>-2.438</b>   |

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafor tenestene.

### Politisk (formannskap, levekår, LMT)

Godtgjersler til politikarar vert utbetalt kvart halvår. Difor lite utgifter til no.

### Rådmannen

Når det gjeld advokat- og konsulenttenester har det gått med meir tid og midlar enn kva som var forventa når budsjettet vert laga. Blant anna har ein vald å få laga ein andre takstrappreport for eigedomsskatt på Berakvam. Ein har henta inn juridisk bistand til etteroppgjjer Ulla-Førre osv. Dette gjer at heile budsjettet til advokat- og konsulenttenester for 2014 er nytta allereie nå. Desse utgiftene var vanskeleg å forutsjå, og ein ser at det vil koma ytterlegare utgifter på nokre av sakene. Budsjettet for advokat- og konsulenttenester bør samla aukast med kr. 500.000,- for 2014.

Budsjettet for kyrkja er for 2014 feil med kr. 200.000,-. Dette skuldast at det berre blei lagt inn kontantdelen av overføringa til kyrkja. I følgje avtalen med kyrkja skal det i tillegg væra ein del som er til kjøp av tenester vedr. kyrkjebygg. Denne er diverre i 2014 utegløymt.

I tillegg er det skrive ny avtale med Kyrkjeleg Fellesråd, då dette ikkje var gjort sidan 1997.

Tal timar til med tenester frå Suldal kommune er ikkje endra, men prisen pr. time er justert noko opp. Dette gjer ei auka utgift pr. år på kr. 44.000,-, men desse blir kompensert med tilsvarende inntekt på sal av tenester på kommunale bygg sitt område.

Samla vert auke i utgifter på kr. 200.000,-

## NAV

Overforbruk på tiltak rus er vel kr. 250 000,-. Disse midla vert truleg henta inn igjen da det er grunn for å tru at trongen vert vesentleg mindre siste del av året. Overforbruk, kr. 180 000,-, på bustadtiltak skuldast at dei statlege midlane ikkje er komne inn. Det er i tillegg tale om kr. 80 000,- i manglande refusjon frå staten til dekning av div. felles utgifter i samband med felles nav kontor.

## Oppvekst

Det er eit samla underskot på 2,9 million i oppvekst. Dette er fordelt slik:

|                  |               |
|------------------|---------------|
| Skule:           | - 1,9 million |
| Barnehage:       | - 0,8 million |
| Barnevern:       | - 0,4 million |
| PPT:             | - 0,1 million |
| Vaksenopplæring: | - 0,2 million |
| Leirskule:       | + 0,5 million |

Leirskulen sitt overskot skuldast at det er fakturert inn for heile halvåret, medan alle utgiftene ikkje er kome på ennå. I budsjettdokumentet for 2014 er det skrive inn at Suldal sitt kommunale bidrag til leirskulen skulle reduserast frå 1,2 til 1 million. Dette var spilt inn til tilpassingsprosjektet frå oppvekst. I etterkant viser det seg at denne innsparinga var gjort i budsjettet allereie i 2013, slik at tilskotet i 2014 blei redusert ytterlegare 200.000 til 800.000.

Barnevern sitt underskot gjeld advokatutgifter og diverse andre utgifter til ei omsorgsovertakingssak. Det blei sett av midlar til dette i rekneskapsavslutninga, slik at tenesta i realiteten har gått med eit mindre overskot.

Men i tillegg har barnevern budsjettert med ein refusjon frå staten (IMDI) på kr. 2.162.000,-. No har Suldal kommune har fått avslag på sine refusjonssøknadar, og ein vil måtte redusera budsjettet. Vedtaket om å avslå søknadane våre er av ein slik karakter at ein ikkje vil klaga på desse. Refusjonsmidlane er knytt til tiltak utanfor heimen. Ikkje alle desse tiltaka vert noko av, og ein vil difor kunne redusera noko av dei budsjetterte utgiftene. Då det ikkje er heilt avklara kva tiltak som vert noko av vil ein vente til 2. tertial med å føreslå evt. budsjettendring.

I vaksenopplæringa manglar det inntekter frå staten som skal koma.

Utfordringa ut året ligg fyrst og fremst hjå skule, og til dels i barnehage. I begge tenestene er det etterslep på refusjon for sjukepengar og fødselspermisjon. Underskotet vil difor reduserast i høve i dag, men særleg innafor skule er det likevel eit overforbruk som vil forplanta seg ut året. Det er særleg på bruk av vikar og driftsutgifter det er overforbruk.

## Helse

Det er eit samla underskot på helseområdet på ca 1.500.000.

Det kan forklarast med på sjukeheimen:

- manglande brukarbetaling på 333.000,-
- Ikkje rekneskapsført matombringning frå heimetenestene med 192.000,-
- Ikkje budsjettregulert frå personalavdelinga til lærlingar på kr. 75.000,-
- Betalte lisensar og serviceavtalar på forskot, utgjør ca kr.100.000,-
- Kjøpt inn ny convecion omn til kjøkken kr. 100.000,-
- Samla utgjør dette om lag kr. 800.000,-

På Helse er det brukt for mykje på vikarbudsjetten, dette for å dekkja opp blant anna legevakt (ca 300.000,-).

Her er også lisensar betalt på førehand. Det er ikkje inntektsført refusjon frå Helse Fonna på blant anna følgjeteneste for jordmor, refusjon frå Juvåsen (ca kr. 250.000,-) og Medisinsk nødmeldingsteneste frå Helse Fonna.

Grunna ekstrakostnader med vikar på legevakt ser det ut til at Helse kan få vanskar med å halda budsjettet ut året.

### **Heimetenesta**

Det er budsjettert med refusjon for ressurskrevjande brukarar 1. tertial med kr. 730.000,- . Desse vert ikkje bokført før i slutten av året.

Som meldt i årsmeldinga er der budsjettert med for mykje inntekter på praktisk bistand. Dei fleste mottakarane av tenestene betalar minstesats.

Ved overgangen til nytt lønssystem vart to tilsette på tiltak utegløymt i budsjetteringa. Utgifta er samla rekna til 80.000 på årsbasis.

Der er ledige bustadar ved alle bu – og omsorgssentra, 5 ved VBO, 2 ved JBO og 3 ved SBO. Det er fullt i bustadane i Suldal bu – og aktivitetstiltak. Det er budsjettert med eit ledig husvære i kvart senter slik at her blir det mindre inntekter enn forventa. Det vil og verte mindre sal av mat.

Har fått tilskott frå Helsedirektoratet til etablering av dagtilbod for demente med kr. 241 000.

### **Bygdeutvikling**

Mange inn- og utgiftspostar kjem i slutten av året. Ikkje kjende nye utfordringar.

### **Kultur**

Det er ingen uventa økonomiske avvik. Avvik mellom budsjett og rekneskap kan skrivast til at dei store tilskota gjennom kulturmidlane ikkje er utbetalte. Fleire refusjonar og tilskot inn er heller ikkje komme. Dette utjamnar seg i løpet av året.

Det største usikre momentet i år er Syng elvestraum, det historiske spelet, som er avhengig av godt billettsal for å komma i mål økonomisk. Resultatet kjenner me ikkje ennå.

### **Kommunale bygg og eigedommar**

Det er eit meirforbruk på kr. 1,05 mill. over periodisert budsjett. Dette skuldast i hovudsak følgjande forhold:

- Brøyting av kommunale vegar. Bokførte utgifter til beredskapsgodsgjersle nedfelt i brøytekontraktane på kr. 900.000,- er utbetalt for heile året.
- Inntekter frå årsavgifter vatn og kloakk; Periodisert budsjett (1. halvår) gjeldande inntekter frå årsavgifter vatn og kloakk viser manglande inntekter på vel ein million kroner. Grunna feil i faktureringssystemet vil inntekter frå vassmålarar (kr. 690.000,-) bli bokført i mai månad.
- Det kan tyda på at årsavgiftene for vatn og kloakk er budsjetterte noko høgt i 2014.
- Inntekter frå tilknytingsavgifter vatn og kloakk; I budsjettet for 2014 er det tatt høgde for 30 nye tilknytningar av hytter i Mosvatnet-området. På nåverande tidspunkt er det

færre tilknytningar enn forventa. Det er framleis forventning om at vi innan utgangen av 2014 skal klare opp mot 30 nye tilknytningar.

- Vedlikehald av friidrettsdekke, tippemiddelsak. Eit slikt dekke har eit større vedlikehaldsbehov kvart 10-15 år. Sentralidrettsanlegget på Eide er nå 16 år utan at dette vedlikehaldet er gjort. Det er budsjettert med 850.000,- til dette i 2014. Prisen vert, på bakgrunn av innhenta prisopplysningar, om lag 200.000,- dyrare. Ekstrakostnaden vil og ha innverknad på omsøkte spelemiddel. Tiltaket vert utsett og samla finansiering vert vurdert på nytt i budsjettet for 2015.

## Skatt og finans

### Næringsfondet

Det er i 1. kvartal 2014 løyvd 3 tilskot på til saman 450.000,-. Det er i budsjettet berre budsjettert med utlån. Det må difor i rapporteringssaka flyttast midlar frå utlån til tilskot med kr. 450.000,-.

### Eigedomsskatt

I 2. tertialrapport 2013 vert for mykje innbetalt eigedomsskatt frå Statkraft på 4,9 mill. kr. omtala. Ved rekneskapsavslutninga vert desse midlane avsett som gjeld. Nå er feil innrapporterte tal for pumpekraft 2011 korrigert, og det syner seg at tilbakebetalinga til Statkraft vert 1.,3 mill. kr. Resten av avsetjinga på 3,6 mill. kr. vert difor inntektsført i 2014. Fordelingane mellom Suldal kommune og Hjelmeland kommune vert også påverka av feil innrapportert pumpekraft. Hjelmeland kommune skal ha 0,3 mill kr meir av Suldal kommune.

Når det gjeld eigedomsskatt på Berakvam (Norsk Stein) er dette ei sak som ikkje er slutført. Det skal vera nytt møte i takstnemnda før ferien. Andre klager på utskreven eigedomsskatt har medført mindre inntekter på 0,6 mill. kr. Me vil koma attende til ei budsjettmessig vurdering av eigedomsskattesida samla i 2. tertialrapport..

### Sal av konsesjonskraft

Pr. 1. tertial er salsinntektene vedrørende sal av konsesjonskraft mykje lågare enn budsjettert. Dette skuldast i all hovudsak at prisen har vore låg. Skal ein samanlikna salsmengde og pris med tidlegare år er det 2012 som liknar mest på 2014. I 2012 vert salsinntektene ved sal av konsesjonskraft 14,8 mill. kr.. Me har i 2014 budsjettert med 22,1 mill. kr. i salsinntekter.

Me vil avvente eventuell budsjettregulering til 2. tertial for å sjå korleis dette utviklar seg vidare.

|            | 2012                |            |        | 2014                |            |        |
|------------|---------------------|------------|--------|---------------------|------------|--------|
|            | Salsinntekt         | Mengde     | Pris   | Salsinntekt         | Mengde     | Pris   |
| Januar     | 2 157 386,53        | 13 846 110 | 0,2680 | 1 795 179,16        | 13 958 680 | 0,2780 |
| Februar    | 2 725 113,37        | 12 495 570 | 0,3370 | 1 583 040,75        | 12 597 160 | 0,2500 |
| Mars       | 1 256 858,58        | 12 440 830 | 0,2160 | 1 173 862,99        | 12 541 960 | 0,2180 |
| April      | 1 175 533,87        | 10 277 880 | 0,2290 | 633 183,64          | 10 364 000 | 0,1900 |
| <b>SUM</b> | <b>7 314 892,35</b> |            |        | <b>5 185 266,54</b> |            |        |

## Rammetilskot

Overført rammetilskot 1. tertial er noko under det som er budsjettert, det er likevel ikkje nokon grunn for endring i 1. tertialrapport.

## Skatt

Skatteinntektene for 1. tertial er i tråd med budsjettet så langt. Det er såleis ikkje grunn for regulering.

Bruk av overskot 2013

## **Investerings- og utbyggingsoppgåver**

Det er til liks med tidlegare år svært høg aktivitet når det gjeld investerings- og utbyggingsprosjekt innan bygg og anlegg. Det er av kapasitetsmessige grunnar framleis noko etterslep på gjennomføring av ein skilde vedtekne utbyggingsprosjekt. Vedtatt årsbudsjett for investeringar i 2014 er på kr. 127 mill. Av dette utgjør om lag kr. 7,4 mill. investeringar gjeldande IKT. Estimert pengebruk innan utgangen av 2014 er berekna til om lag kr. 95 mill.

Utsett byggestart av kloakkrensaneanlegg og vassverk ved Mosvatnet og forseinka oppstart av vegomlegging av tilkomstveg til Mehushaugen bidrar sterkt til estimert mindre pengebruk enn vedtatt budsjett for 2014.

Det er budsjettert med kjøp / bygging av bustader for 4 mill. kr. i 2014. Det er noko usikkert om ein klarer å realisera dette i 2014. Ein planlegg nå bruk av 8 mill. kr. samla for 2014 og 2015. Første anbod går ut til hausten.

Etter anbodsrunde kan det sjå ut til at budsjetterte midlar for VA- anlegg Bogsfjorden og kloakkrensaneanlegg Bogsfjorden vert for liten. Prosjekta vert gjennomgått og ein vil koma attende til desse utbyggingsprosjekta i 2. tertialrapport.

## **Sjukefråvær / arbeidsmiljø**

Sjukefråværet spesifisert på tenesteområde:

| Område                               | Sum sjukefråvær 30.04.2013 | Sum sjukefråvær 31.12.2013 | Sum sjukefråvær 30.04.2014 |
|--------------------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|
| <b>Samla for kommunen</b>            | <b>5,36</b>                | <b>5,29</b>                | <b>4,4</b>                 |
| NAV                                  | 2,35                       | 7,36                       | 8,3                        |
| Introduksjonstenesta                 | 1,28                       |                            |                            |
| Rådmannen med stab og fellestenester | 1,74                       | 1,99 *                     | 3,2 *                      |
| Oppvekst                             | 6,54                       | 5,82                       | 3,2                        |
| Heimetenesta:                        | 6,22                       | 7,05                       | 6,3                        |
| Kultur                               | 0,81                       | 0,75                       | 0,4                        |
| Helse                                | 4,60                       | 5,20                       | 6,3                        |
| Bygdeutvikling                       | 1,90                       | 1,65                       | 0,2                        |
| Kommunale bygg                       | 3,36                       | 3,89                       | 4,3                        |

\*Medrekna Introduksjonstenesta

Rapporten, frå det nye løns- og personalsystemet, syner ein ytterlegare nedgang i det samla sjukefråværet samanlikna med årsskiftet. For første gong er me under våre eigen målsetjing om eit samla sjukefråvær på maksimum 5%. Det vert arbeidd godt i organisasjonen me å halda sjukefråværet lågast mogleg.

Me har lite eigenmeldt korttidsfråvær. Storparten av fråværet er legemeldt, med ein overvekt av langtidsfråvær (meir enn 16 dagar).

Me unntak av nokre få som melder om fråvær grunna stor arbeidsmengd/stress, er ikkje fråværet arbeidsrelatert. For dei det gjeld vert det arbeidd godt med å betra arbeids-situasjonen.

## **Tilsyn**

I Heimetenestene har det vore farmasøyttilsyn etter avtale. To av skulane har hatt el-tilsyn. Arbeidstilsynet har vore på uanmeldt arbeidsplasstilsyn ved utbygginga av Vinjar skule.

Det er ikkje meldt om avvik.

Mattilsynet vil som tidlegare år gjennomføre tilsyn med kommunale vassverk i løpet av året. Kva for vassverk og profil på tilsynet er framleis ikkje klarlagt.

## **Avvik**

Det vert meldt avvik frå NAV, Oppvekst, Helse, Heimetenestene, Kultur og Kommunale bygg og eigedomar.

### NAV

Det har vore ein prosess knytt til lokala til NAV Suldal. Dei er ikkje tilfredstillande med tanke på tryggleik. I partnerskapsmøte mellom NAV Rogaland og Suldal kommune vart ein samde om fleire strakstiltak som vil betra situasjonen. NAV- leiar har ansvaret for framdrifta.

### Oppvekst

- Det er meldt avvik innan IT-infrastruktur.
  - Sand skule har fleire avvik på manglande tilgang til skrivarar og generelt dårleg elevtilgang.
  - Vanvik skule falt etter påske heilt ut av nettet. Det har vore vanskeleg å finna feilen, men sannsynlegvis skuldast det feil i kommunen sine radiolinkar til skulen. Feilen er nå retta.
  - Vaksenopplæringa har hatt vanskar med elevtilgang.
- Fleire episodar med bruk av vold mot tilsette, og også episodar der tilsette har måtte ta i bruk tvang.
- Fleire avvik er meldt fordi elevar eller barnehagebarn med vedtak ikkje har fått spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp i enkelttimar grunna sjukdom og vanskar med vikar.
- Tidsbrot på undersøkingstid i barnevernet. Det er venta at dette vil betra seg ved ny tilsetjing frå 1. mai.

### Helse

På legekantoret er det kome inn 6 avvik. Det gjeld:

Feilmedisinering, rutinebrot, opplæring av nyttilsett og oppfølging av kronikarar.

Ei personalsak er meldt til Fylkesmann i Rogaland

På sjukeheimen er det kome inn 4 avvik. Det gjeld:  
Bruker fekk ikkje rettmessig hjelp, skade på arbeidsplass og utagering frå brukarar.

#### Heimetenestene

Frå Jelsa bu og omsorgsenter er det meldt om 8 avvik. Fem av dei går på rutinesvikt og tre på at der ikkje var lagt til rette for at hjelpepleiar kunne utføre oppgåver som følgje av mangel på sjukepleiar.

I «Suldal bu og aktivitetssenter» er det utfylt 76 HMS skjema med frå ein til over fem skader på kvart. Der er gjort 2 skadeavverjande tiltak i naudsituasjon og der har vore 2 skade på personell, kor eit av dei førte til legebehandling (fekk stivkrampesprøyte).

Sand bu- og omsorgsenter har meldt fire avvik. Vinjar bu- og omsorgsenter melder om 13 avvik. Dei fleste vert grunnjevne med manglande tid til å utføre arbeidsoppgåver. Det er berre VBO som er godt i gang med medarbeidersamtalane.

#### Kultur

Det er meldt fire avvik så langt i år på kulturhuset. Dette dreier seg om avvik som ikkje har påverknad på publikum.

#### Kommunale bygg og eigedommar

Tenesteområdet manglar framleis ein del rammeavtalar for kjøp av varer og tenester. Dette arbeidet er nedprioritert grunna manglande kapasitet.

Manglande tilsetjing i 50% stilling av til saman 2 årsverk innan forvaltningsområdet er svært merkbar. Dette fører i periodar til at einskilde arbeidsoppgåver dreg ut i tid eller ikkje vert gjort. Ein del arbeidsoppgåver er og nedprioritert eller utsett i tid for gjennomføring.

### **Brukar- /tilsettemedverknad**

Det er ikkje planlagt medarbeidar- eller brukarundersøkingar i 2014.

### **Det einskilde tenesteområde**

#### **Rådmannen:**

Nytt økonomisystem og løns- og personalsystem er tatt i bruk frå 1. januar. Det har vore ein arbeidskrevjande prosess med mykje opplæring av nøkkelpersonar og opplæring av brukarane av systema i heile organisasjonen; eit arbeid som på ingen måte er ferdig.

Det er gjennomført ei administrativ omorganisering. Rådmannen har etablert eit strategisk leiarteam med kommunalsjefar og eit tenesteytande apparat med 24 einingsleiarar (med personal-, økonomi- og tenesteutviklingsansvar). Oppstart 1. mai.

Det er brukt mykje tid på kommuneplanarbeidet og arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.. Første utkast til kommuneplan vert før sommarferien lagt ut på høyring. Sak om heilskapleg ROS-analyse vonar ein å få handsama seinast i første møte etter ferien.

#### Introduksjonstenesta:

Suldal kommunehar vedtatt å busetja 15 nye flyktningar i 2014. Arbeidet med dette er godt i gong. Fleire nye kjem i juni. Den største utfordringa er å finna eigna husvære.

Bemanningssituasjonen er ei stor utfordring grunna langtidssjukefråvær, og at ein samstundes skal ta imot mange nye flyktningar.

## Tverrfagleg- /sektorielt samarbeid

Helsesamarbeidet med Vindafjord, Sauda og Etne. Vedtak er gjort i perioden, og oppfølginga av vedtaket er i gong.

## Oppvekst

Frå 1. mai blir området organisert gjennom 15 sjølvstendige einingar. Området har vore utan eigen leiar frå midten av mars.

I barnehagane er det i vår 252 barn som til saman utgjør 290 plassar. Me har gode tilsette i barnehagane men manglar barnehagelærarar. Pr. 1. mai var det til saman 6 årsverk kor fagarbeidarar var barnehagelærarar på dispensasjon.

I skulen er det no 512 elevar. Også her har me gode tilsette, og skulane rapporterer at dei har kvalifiserte lærarar i alle stillingar med unntak av 2 årsverk.

Mellombels lokale i vaksenopplæringa blir ikkje opplevd som gode nok. Det blir arbeidd med alternativ no som rehabiliteringssenter på Bjødnateigen er vedteke. Alternativ som er oppe er rehabilitering av sanitetshuset, 4. etasje på sjukeheimen, leige av bygg, og i ytterste fall nybygg.

Alle punkta i handlingsplanen er i gang, eller planlagt starta i haust, med unntak av «Evaluera ordninga med ekstern vurdering». Dette er utsett til fordi Sand skule fyrst skal ha si eksterne vurdering i haust.

## NAV

Nav Suldal har 108 personar som har meldeplikt i samband med statlege ytingar og som får aktiv oppfølging. Av desse er 18 personar under 24 år.

Vidare har alle personar som har vore sjukemelde over 6 månader krav på oppfølging frå Nav.

Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsetaten regulerer følgjande tenester og resultatata innan desse områda er som følgjer:

| Tenester  | 1.tertial 2014 | Årsm. 2013 |
|---|----------------|------------|
| Opplysning, råd og rettleiing                     | 13             | 23         |
| Friviljug hjelp til delvis disponering av inntekt | 7              | 9          |
| Gjeldsordning                                     | -              | 3          |
| Økonomisk stønad                                  |                |            |
| Sosialstønad som hovudinntekt                     | 12             | 8          |
| Har fått sosialstønad i løpet av året             | 57             | 101        |
| Deltakarar i kvalifiseringsprogrammet             | 4              | 6          |
| Husbanken   |                |            |
| Bustønad  | 64             | 65         |
| Startlån  | 6              | 6          |
| Bustadtilskot                                     | -              | 0          |

Ingen personar har vore huslause i perioden men 3 har fått hjelp til å skaffa ny bustad.

Status for personar som har avslutta introduksjonsprogrammet:

4 har flytta frå kommunen. 17 personar i ordinært arbeid i stillingar av ulik storleik og/eller nyttar statlege arbeidsmarknadstiltak . 5 er under utdanning.

Tiltak for rusavhengige

Fleire av dei kartlagde rusmisbrukarane erkjenner at dei har trong for behandling for problema sine. 14 personar er no i ein eller form for behandling på spesialistnivå, derav 8 personar er i eller har gjennomført institusjonsbehandling.

NAV-Suldal arbeider med motivasjon for endring av livsstil for alle brukarane som er kartlagde i Brukarplan.

## Helse

Helse har heile tida jobba tverrfagleg. Etter ny organisering vil me, som før, tenke heilskapleg til det beste for brukarane og sjå på bruken av ressursane innan heile omsorg. Einingsleiarane vil, som følgje av organisatorisk endring, samlast til eit 2 dagars seminar for å finna felles og gode løysningar.

Det blir jobba mykje interkommunalt, mellom anna med nytt Rehabiliteringssenter og interkommunal legevakt.

## Heimetenestene

I dei store faste stillingane er der tilsett fagpersonell. Det er i helgene ein merkar at det skortar på fagleg kompetanse, og til tider også talet på hender. Det er til tider vanskeleg å få vikarar ved fråvær i dei fleste avdelingane.

Sjukemeldingar blant sjukepleiarane har gjort at ein har hatt vanskar med å oppretthalde sjukepleievakta. Dette har svekka den faglege tyngda på helsehjelp og ført til auka press på helsefagarbeidarane.

Avdelingane tek i mot folk på språkopplæring og gjennom NAV. I tillegg har tre av avdelingane lærlingar.

Frå 27. januar har miljøarbeidartenesta i psykisk helse vore organisert i saman med Sandbu- og omsorgssenter. Det har ikkje gått seg heilt til enda, vesentleg grunna mangel på folk i stillingane. Det er nå tilsett i desse stillingane. Ein av effektane av dette er at koordinatorane i psykisk helse har fått betre tid til pasientbehandling.

Tenesta disponerer for få bilar i tenesteytinga.

Det er etablert eit nytt tiltak, som me kallar nærbuarskap, som alternativ til bufellesskap for psykisk sjuke. Ein omsorgsbustad er nytta til kombinert personalbase og fellesareal for brukarane. Eksisterande personell yt tenestene.

Det vert montert digital infrastruktur (Altibox) i ein av dei ledige omsorgsbustadane på SBO. Dette med tanke på utprøving av velferdsteknologi. EI - verket gjer jobben og tek kostnaden.

Det er to nye interkommunale nettverk som har etablert eller reetablert seg i vinter; nettverk for velferdsteknologi og nettverk for leiarar av bestillarkontor.

## Kultur

Syng elvestraum er det store og ressurskrevjande arrangementet i år. Alt går etter planen så langt, og i desse dagar kjem dei tilreisande profesjonelle utøvarane. Dette er eit stort og krevjande løft, og mange av medarbeidarane på kultur yter ein ekstra innsats og er involverte i arbeid med spelet på ein eller annan måte.

Kulturhus: Det har blitt montert trappeheis i stolamfiet i storsalen. Dette betyr at spesielt kinotilbodet er betra for dei med rørslehemming når dei får komma seg lengre vekk frå lerretet.

Bibliotek: Fylkeskommunen har inngått avtale om ein felles portal for e-bokløyning der alle biblioteka i Rogaland har fått tilbod om å gå inn. For Ryfylkebiblioteket, som har hatt eit pilotprosjekt for e-bøker, vil dette bety oppseiing av gjeldande avtale. Kostnad kring dette er uavklart. Det blir elles jobba internt med tilpassingsprosjektet og alternative bibliotekløyningar.

Kulturskule og distriktsmusikarar: Kulturskulen skal ta i bruk nytt administrasjonssystem. Dette vil gjera arbeid og organisering for leiargruppa smidigare. Prosessen rundt tilpassing av drifta med kr 200 000 har pågått i vinter, og det er konkludert med verknad frå august i år.

Ungdom: Me drøftar og vurderer ulike løysingar for ungdomstilbod. Mellom anna skal det vera eit stort ungdomsarrangement i Sandhallen under Ryfylkedagane. Det blir også undersøkt om me kan bli godkjent som vertskommune gjennom EU sine ungdomsordningar for frivillige frå Europa.

Kulturkontor og folkehelse: Arbeidet med merking av turløyper i kommunen pågår for fullt, og vil få større fokus i år enn tidlegare. Prosjektet har fått kr 300 000 i tilskot frå fylkeskommunen og Gjensidige-stiftinga. Elles blir det jobba med idrettspolitisk plan og nytt badeanlegg. Folkehelse i kommuneplanarbeidet har hatt mykje fokus. Den tverrfaglege tilnærninga til folkehelsearbeidet byrjar å setja seg.

## Tverrfagleg- / sektorielt samarbeid

Me samarbeider breitt som før, og me blir stadig meir involverte i ulike samarbeid både med anna kulturliv og reise- og næringsliv. I vår har det vore ekstra fokus på ungdomssamarbeid, med eit tett samarbeid mellom Suldal Vekst (Ryfylkedagane), kulturhus, kulturkontor og ungdomsråd. Me samarbeider også med Sauda kommune spesifikt om ungdomstilbod og ungdomssatsing, dei har liknande utfordringar som oss.

## Kommunale bygg og eigedommar

### Administrasjon og forvaltning

1. tertial 2014 har til liks heile 2013 vore prega av høgt aktivitetsnivå fordelt på få tilsette.

### Drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen

Drift og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen har i hovudsak gått greitt i 1. tertial. I 2014 er det tilført kr. 2,0 mill. ekstra i vedlikehaldsmidlar til bygningsmassen. Pengane vert nytta i tråd med vedlikehaldsplan framlagt som orientering i LMT-utvalet i vinter.

Det at nye leigetakarar "står på trappa" og skal flytte inn når kommunale utleigebustader frigitt er ei stor utfordring i høve vedlikehald av desse utleigebustadane. Det må i større grad takast høgde for at ein skilte utleigebustader etter kvart treng ei større oppgradering som gjer at dei ikkje kan leigast ut så snart dei vert frigitt.

### Drift og vedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, parkeringsplassar og anlegg

Brøyteutgiftene vinteren 2014 har vore låge i høve ein normalvinter. Drift og vedlikehald av vegnettet har i hovudsak gått greitt i 1. tertial.

### Brannvern, førebyggjande og beredskap

Brannberedskapen 1. tertial har vore på same nivå som tidlegare år. Brannførebyggjande arbeid er og gjennomført etter tidlegare års opplegg. Av større hendingar 1. tertial har det vore 2 branntilløp i bustader som resultat av tørrkoking på komfyr, tilløp til lyng/skogbrann ved Mogleiv som følgje av nedfall av høgspenteledning, ei trafikkulykke i form av trailervelt på rv. 13 sør for Bergekrossen.